

2024

Årsmelding

Kontrollutvalet

**Midt-Telemark
kommune**

Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgsekretariat IKS

www.vetaks.no

Innhald

1. Innleiing	2
1.1 Kontrollutvalet si samansetjing	3
1.2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid	3
2. Kontrollutvalet sine ressursar	1
2.1 Sekretariatet	1
2.2 Revisjonen.....	2
2.3 Økonomi	3
3. Kontrollutvalet si verksemd	3
3.1 Rekneskapsrevisjon.....	4
3.2 Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll	5
3.3 Påsjåansvar økonomiforvaltning	6
3.4 Anna arbeid i utvalet.....	6
4. Vedlegg.....	8
4.1 Oversikt over saker handsama i utvalet	8
4.2 Kjelder til informasjon	10

1. Innleiing

Kontrollutvalet sitt arbeid skal bidra til å styrke tilliten til lokaldemokratiet. Utvalet meiner å ha bidratt til dette og vil takke kommunestyret, administrasjonen og revisjonen for samarbeidet.

Årsmeldinga er ei oppsummering av verksemda i kontrollutvalet gjennom året. Sakene til utvalet ligg på sekretariatet si heimeside: www.vetaks.no/ Midt-Telemark kommune. På www.vetaks.no finn du og møtekalender, informasjon om kurs og konferansar, nyttige lenker om kontrollutvalet si verksemd og annan relevant informasjon.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd. Kontrollutvalet skal føre kontroll på kommunestyret sine vegner, og skal utøve arbeidet sitt i tråd med kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eitkvart forhold ved kommunen si verksemd så lenge det kan definerast som kontroll, men kan ikkje overprøve politiske prioriteringar som er vedtekne av kommunen sine folkevalde organ.

Kontrollutvalet skal i tråd med kommunelova § 23-5 «*rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*». Formålet med kontrollutvalet si årsmelding er difor å rapportere på utvalet sitt arbeid, opp mot kontrollutvalet sine lovpålagde oppgåver og møteplan. Årsmeldinga gir òg eit bilete av den formelle rolla og instruksen til utvalet, og høvet til revisjonen og sekretariatet, i tillegg til dei viktigaste sakene som er handsama gjennom året.

1.1 Kontrollutvalet si samansetjing

Kontrollutvalet blei vald på det konstituerande kommunestyremøtet for perioden 2023-2027, hausten 2023, etter krava til valbarheit av kontrollutvalsmedlemmane jf. kommunelova §23-1 tredje ledd.

Kontrollutvalet består av følgjande fem medlemmar og fem varamedlemmar:

Medlemmar av kontrollutvalet

Faste medlemmar:

Sigbjørn Hjelmbrekke, R

Ole Morten Aasgrav, FrP

Kari Rast Monge, Ap

Kjell Bitustøyl, SV

Gro Staurheim, SP

Varamedlemmar:

Helge Aarnes, H

Jon Halvor Svalbjørg, Ap

Svein Gunnar Mæland, H

Morten Rask Arnesen, SV

Mari Anne Jenseter,

1.2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid

Ansvaret til kontrollutvalet følgjer av kommunelova §23-2 første ledd: «Kontrollutvalget skal påse at:

- *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- *det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- *det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- *det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- *vedtak som bystyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»*

Utover dette kan kontrollutvalet ta opp eitkvart spørsmål ved kommunen si verksemd som er knytte ansvarsområdet til utvalet. Det er berre lovverket, kommunestyret og utvalet sjølv som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver og saker, eller setje grenser for kva saker utvalet kan handsame.

Kontrollutvalet har omfattande innsynsrett. Blant anna kan utvalet utan å bli hindra av teieplikt, krevje ei kvar opplysning, utgreiing eller eitkvart dokument og foreta dei undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføre oppgåvene.

Leiaren av utvalet har møte- og talerett i kommunestyret når dei handsamar saker frå utvalet. Leiaren kan la eitt av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegner. Kontrollutvalet har rett til å vere til stades i lukka møte i folkevalde organ i kommunen.

Kontrollutvalet har ikkje høve til å føre kontroll med kommunestyret eller overprøve politiske prioriteringar eller kor politisk føremålstenleg eit vedtak er. Kontrollutvalet kan likevel uttale seg om kommunestyret eller anna folkevald organ er i ferd med å treffe eller har treft eit ulovleg vedtak.

Aktørane i eigenkontrollen er kommunestyret (bystyret eller fylkestinget), kontrollutvalet saman med sekretariatet, kommunedirektøren og revisor. Ein god eigenkontroll krev samspel mellom desse. For at dette samspelet skal fungere, er det naudsynt at aktørane kjenner både sin eigen og kvarandre sine roller.

2. Kontrollutvalet sine ressursar

2.1 Sekretariatet

Kontrollutvalssekretariatet er støttespelar for kontrollutvalet og er viktig for eit godt og effektivt kontrollarbeid i kontrollutvalet. Sekretariatet skal etter kommunelova § 23-7, 2. ledd, sjå til at dei sakene som kontrollutvalet handsamar er forsvarleg utgreidd og at utvalet sine vedtak blir iverksette. Sekretariatet hjelper kontrollutvalet med mellom anna oppgåver knytte til administrasjon, rådgiving og koordinering.

Kommunen er medeigar i, og kontrollutvalet får sekretariattjenester frå Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS (VETAKS). Med oppdrag for 34 kommunar og 3 fylkeskommunar i Agder, Vestfold og Telemark er VETAKS eitt av landets største kontrollutvalssekretariat. Sekretariatet har 10 tilsette og fast sekretær for kommunen var i 2024 Kristoffer Fjellgård. Dagleg leiar er Line Bosnes Hegna.

Sekretariatet si heimeside er www.vetaks.no. Her finns informasjon om kontrollutvalet, møte, saker og sekretariatet.

2.2 Revisjonen

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester med VTR revisjon IKS. Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forenkla etterlevingskontroll, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for kommunen. I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Ingebjørg Nordby Vibeto og Teamleiar for rekneskapsrevisjon er Birgitte Lindner Bøen. Oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar er Kirsti Torbjørnson, Bente Hegg Ljøsterød og Anne Hagen Stridsklev.

Revisjonen si heimeside er www.vtrevisjon.no. Her finns mellom anna revisjonen sine rapportar.

2.3 Økonomi

For å kunne utføre sin lovpålagde kontrollfunksjon på ein god måte er det viktig at kontrollutvalet er gitt tilstrekkeleg med ressursar. Kontrollutvalet utarbeider årleg forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Dette skal følgje innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret.

Kontrollutvalet handsama forslag til budsjett for kontrollarbeidet i sak 19/24.

	Budsjett 2024	Rekneskap 2024
Møtegodtgjersle mv.	40 000,-	22 017.23 ,-*
Kurs og konf. ink. reise	50 000,-	14 779.25 ,-**
Kontigent	9700,-	10 700,-
Beverting	1500,-	0,-
Andre tjenester	0,-	0,-
Revisjonstenester	1 195 900,-	1 195 900,-
Sekretariatstenester	193 419 ,-	193 420,-
Totalsum	1 490 519,-	1 436 816.48 ,-

*Årsaka til avviket i posten møtegodtgjerelse er at ikkje all møtgodtgjerelse vart utbetalt før i februar 2025.

** Dette talet varierer på kor mange som melder seg på konferansar og kurs og vil variere frå år til år.

3. Kontrollutvalet si verksemd

Kontrollutvalet har i 2024 halde fire møte og handsama 27 saker.

Kontrollutvalet har nokre lovpålagde saker, som i hovudsak er knytte til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Desse er omtalte i eigne delkapittel.

Gjennom året står kontrollutvalet fritt til å ta opp dei sakene og halde dei møta utvalet ynskjer. Døme på andre typar saker kontrollutvalet kan ha oppe gjennom året, er årsmelding, budsjettsak og møte- og arbeidsplan.

Ei fullstendig oversikt over sakene som er handsama i kontrollutvalet er vist i vedlegg 1.

Møta i kontrollutvalet er opne for publikum med unntak av dei tilfella kor det etter lov og forskrift er pålagt å lukke møtet.

Saksdokumenta og protokollane vert fortløpande publiserte på sekretariatet si heimeside: [VETAKS | Vestfold, Telemark og Agder Kontrollutvalgssekretariat IKS](#)

3.1 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjon er regulert i forskrift om kontrollutval og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- A. kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- B. regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- C. regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i [kapittel 2](#) og 3.*

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter [kommuneloven § 24-7](#) til [§ 24-9](#) blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekningene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

Kontrollutvalet har hatt god dialog med rekneskapsrevisor i 2024. Oppdragsansvarleg revisor har gjennom året jamleg deltatt i utvalets møter, og oppdatert utvalet på arbeidet med gjennomføring av rekneskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet handsamar kvar haust revisjonsplan for rekneskapsrevisjonen. I samband med handsaminga av årsrekneskapen i møtet 24.09.24 handsama utvalet revisor sin rapport til kontrollutvalet der revisor gjorde greie for utført revisjon for årsrekneskapen.

Kontrollutvalet har ikkje motteke nummererte brev frå rekneskapsrevisor.

Kontrollutvalet uttalte seg om årsrekneskapen og årsmeldinga til kommunestyret i sak 10/24. Kontrollutvalet tilrødde godkjenning av årsrekneskapen og årsberetninga.

3.2 Forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll. Kommunelova §§ 23-3 og 23-4 viser dette.

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver eigarinteressene til kommunen, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, vedtaka i kommunestyret og godkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ein plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Plan for forvaltningsrevisjon skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av verksemda i kommunen og i kommunen sine selskap. Plan for eigarskapskontroll skal basere seg på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarskap. Føremålet med risiko- og vesentlegheitsvurderinga er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Det er kommunestyret sjølv som skal vedta planane. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planane. Kontrollutvalet handsama i møtet 23.04.24 sak nr. 8/24. Planane er godkjende av kommunestyret i møte 17.06.24sak 61/24.

Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2027:

Forvaltningsrevisjon

1. Skulehelseteneste
 - a. Aktuelt tema: Kvalitet i tilbodet, spørjeundersøking blant føresette
2. Kvalitet i sjukeheim
 - a. Aktuelt tema: Faktisk bemanning vs. planlagt bemanning, evaluering av helsehjelp, oppfyllelse av verdighetsgarantien
3. Sosialhjelp,
 - a. Aktuell vinkling: Vinkla mot born i låginntektsfamiliar
4. Budsjettering og budsjettoppfølging
 - a. Aktuelt tema: Budsjettprosess, justering og rapportering

Eigarskapskontroll

1. Generell eigarskapskontroll

3.3 Påsjåansvar økonomiforvaltning

Kontrollutvalet skal sjå til at det først kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande bestemmingar og vedtak (kommunelova § 23-2, 1. ledd bokstav b.).

Rekneskapsrevisor legg årleg fram ein rapport på utført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. I møtet 24.09.24 la revisor fram rapport om etterlevingskontroll med økonomisk sosialhjelp. Revisjonen sin uttale inneheldt ingen merknader

3.4 Anna arbeid i utvalet

Administrasjonen har ved fleire høve blitt invitert til kontrollutvalet for å orientere om ulike verksemdsområde i kommunen. Kontrollutvalet ynskjer å vere synleg og ha god kontakt med

leiinga i kommunen. Kommunedirektøren og representantar for kommunedirektøren har delteke på fleire av møta i utvalet, noko kontrollutvalet oppfattar som ein styrke i arbeidet sitt.

Kurs og konferansar

Det blir stilt stadig større krav og forventningar til kompetansen til kontrollutvalet, både frå det politiske miljøet og innbyggjarane i kommunen. Kunnskap om rolla til kontrollutvalet, oppgåver og lovverk er naudsynt for å utføre dei oppgåvene som går fram av lov og forskrift.

Kontrollutvalet var representert på NKRF konferansen og Vetaks sin haustkonferanser i 2024.

Midt Telemark kommune 03. Februar 2024

Sigbjørn Hjelmbrække, Leiar

Ingebjørg Rue, Rådgivar

4. Vedlegg

4.1 Oversikt over saker handsama i utvalet

Møte 13.12.2024

1/24 - Orientering om kommunens beredskapsarbeid

2/24 - Orientering frå revisor 13.02.2024 - Midt-Telemark

3/24 - Forankring og innspel - risiko- og vesentlegheitsvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2028

4/24 - Årsmelding 2023 - Midt-Telemark kontrollutval

5/24 - Uavhengighetserklæring forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 - Midt-Telemark

6/24 - Referatsaker 13.02.2024 - Midt-Telemark kommune

7/24 - Innspel til kontrollarbeid 13.02.2024 - Midt-Telemark

Møte 23.04.2024

8/24 - plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2028 - Midt-Telemark kommune

9/24 - Orientering frå revisor 23.04.2024 - Midt-Telemark kommune

10/24 - Årsrekneskap og årsmelding 2023 for Midt-Telemark kommune – kontrollutvalet si uttale

11/24 - Orientering om handtering av mistanke om korrupsjon i Midt-Telemark kommune

12/24 - Forenkla etterlevingskontroll 2023 - Midt-Telemark kommune - Revisors uttale

13/24 - Referatsaker 23.04.2024 - Midt-Telemark kommune

14/24 - Innspel til kontrollarbeid 23.04.2024 - Midt-Telemark

Møte 24.09.2024

15/24 - Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av skulehelsetenesten i Midt-Telemark kommune

16/24 - Revisjonsplan 2024 - Midt-Telemark kommune

17/24 - Risiko- og vesentlegheitsvurdering for forenkla etterlevingskontroll 2024

18/24 - Uavhengighetserklæring frå rekneskapsrevisor 2024 - Midt-Telemark Kommune

19/24 - Budsjett for kontrollarbeidet 2025 - Midt-Telemark kommune

20/24 - Referatsaker 24.09.2024 - Midt-Telemark

21/24 - Innspel til kontrollarbeid 24.09.2024 - Midt-Telemark

Møte 26.11.2024

15/24 - Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av skulehelsetenesten i Midt-Telemark kommune

16/24 - Revisjonsplan 2024 - Midt-Telemark kommune

17/24 - Risiko- og vesentlegheitsvurdering for forenkla etterlevingskontroll 2024

18/24 - Uavhengighetserklæring frå rekneskapsrevisor 2024 - Midt-Telemark Kommune

19/24 - Budsjett for kontrollarbeidet 2025 - Midt-Telemark kommune

20/24 - Referatsaker 24.09.2024 - Midt-Telemark

21/24 - Innspel til kontrollarbeid 24.09.2024 - Midt-Telemark

4.2 Kjelder til informasjon

Lover og forskrifter

Kommuneloven (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommune>)

Offentleglova (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2006-05-19-16?q=offentlig>)

Forvaltningsloven (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltning>)

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904?q=kontrollutvalg>)

Rettleiingar

Kontrollutvalgsboka

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboka/id2893214/>)

Veileder til kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-til-kontrollutvalgs-og-revisjonsforskriften/id2838745/>)

Samarbeidspartnarar og bransjeorganisasjonar

Forum for kontroll og tilsyn (www.fkt.no)

NKRF – kontroll og revisjon i kommunene (www.nkrf.no)

Forvaltningsrevisjonsregisteret (www.forvaltningsrevisjon.no)

Nasjonal tilsynskalender (<https://tilsynskalender.statsforvalteren.no>)

Sekretariatet si heimeside

Sekretariatet si heimeside (www.vetaks.no)

Kontrollutvalet sine sakspapir (<https://opengov.360online.com/Meetings/VETAKS>)